




# Årsplan for Beito barnehage 2023/24

**«Det unike mennesket i fellesskapet»**



## INNHALDSLISTE

1.0	FORORD MED VISJON .....	3
2.0	STYRINGSDOKUMENT .....	5
3.0	GENERELT OM BARNEHAGEN OG DEI TILSETTE .....	5
	3.1 Planleggingsdagar .....	5
	3.2 Barnegrupper .....	5
	3.3 Tilsette .....	5
	3.4 Dagsrytme .....	6
4.0	BARNEHAGENS SATSINGSOMRÅDE .....	7
5.0	FORELDRESAMARBEID .....	7
	5.1 Foreldreråd og samarbeidsutval .....	8
6.0	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR .....	8
7.0	BARNEHAGENS INNHOLD OG PEDAGOGISK GRUNNSYN .....	9
	7.1 Barnehagens verdigrunnlag .....	9
	7.2 Leik og læring .....	10
	7.3 Omsorg .....	11
	7.4 Danning .....	11
	7.5 Barns medverknad .....	11
	7.6 Berekraftig utvikling .....	12
	7.7 Likestilling og likeverd .....	12
	7.8 Krenkande åtferd .....	12
8.0	FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN .....	13
9.0	BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD OG ARBEIDSMÅTER .....	13
	9.1 Planlegging, vurdering, progresjon og dokumentasjon .....	13
	9.2 Barnehagens digitale praksis .....	14
10.0	OVERGANGAR .....	15
	10.1 Å byrje i barnehagen .....	15
	10.2 Overgang frå ein avdeling til ein annan .....	15
	10.3 Overgang frå barnehagen til skulen .....	15
11.0	TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE .....	16
12.0	ADRESSER OG TELEFONNUMMER .....	16



Godkjent i samarbeidsutvalget for Beito barnehage 19. september 2023.

## 1.0 FORORD med visjon

Velkommen til eit nytt barnehageår og spesielt velkommen til alle nye barn og foreldre.

Visjon for Beito er: «**Det unike mennesket i fellesskapet**». Vi meiner at det er heilt vesentleg at vi tilsette ser kvart einskilt barn som heilt unikt individ. Samstundes er vi opptekne av demokratiforståing og at alle skal kjenne at ein høyrer til ei gruppe og til barnehagen. Vi skal ha eit miljø som bygger på likeverd og respekt. Vi vaksne skal vera omsorgsfulle og tydelege vaksne i lag med ungane. Dette sikrar vi gjennom eit felles verdigrunnlag, felles haldningar og eit felles pedagogisk grunnsyn.

Årsplanen er generell for heile barnehagen og skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje i praksis formålet og innhaldet i barnehagelova, rammeplanen og dei lokale planane.

Ein årsplan skal være eit bindeledd mellom personalet, foreldre og kommunen som eigar og andre samarbeidspartar. Ein årsplanen er eit arbeidsverktøy for å sikre samanheng og progresjon i arbeidet der ein dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen sitt innhald.

Alle aktivitetar og opplegg er tilpassa barnets alder og modning. Meir detaljerte planar med synleggjering av pedagogiske arbeidsmåtar og innhald får de gjennom periodeplanar på kvar einskild gruppe.

Frå og med 01.01.2021 vart det innlemma ny paragraf i Barnehagelova. Barnehagen skal ha nulltoleranse og arbeide førebyggjande og har plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Det er og innført skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen krenka barn.

Øystre Slidre kommune har utarbeidd planer som i varetek at kommunen er ein «trafikksikker kommune». Dette betyr og barnehagen skal ha inn trafikktryggleik i årsplan. Meir om det i kapittel 11.0.

Vi nyttar Visma Flyt Barnehage som ein digital kommunikasjonsform mellom heim og barnehage. Her vil alle planar og felles beskjeder bli lagt ut, samt enkle beskjeder til kvar av dykk. Det er og høve til å sende enkle beskjeder og spørsmål til barnehagen. De må legge inn fråvær; sjuk/ferie/fri. Dette skal **ikkje** erstatte kontakten melom heim og barnehage, men gjere informasjonen meir effektiv.

Har de spørsmål eller synspunkt, vil vi gjerne høyre får deg ☺

Godt barnehageår ☺

Beito, 12. september 2023

Marit Synnøve Opheim Østli, tenesteleiar

## 2.0 STYRINGSDOKUMENT

- Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (Barnehagelova).
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet 24.4.2017).
- Stortingsmelding nr. 41 – Kvalitet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet).
- Barns trivsel – vaksne sitt ansvar (Utdanningsdirektoratet).

## 3.0 GENERELT OM BARNEHAGEN OG DEI TILSETTE

### 3.1 Planleggingsdagar: OBS! Barnehageåret går frå 15.08 til 14.08.

Desse dagane er barnehagen **stengt** i barnehageåret 2023/24:

2023: Tysdag 15. august, onsdag 16. august, fredag 24. november.

2024: Fredag 2. februar og fredag 10. mai.

### 3.2 Barnegrupper

Vi har delt inn barna i tre grupper; Eventyrstien for barn opp til ca. 2 år, og Konglekroken for barn frå ca. 2 år – 5 år. Konglekroken blir igjen delt inn att i eigen gruppe; Minikonglene for 2020 barna. Det er 34 barn som tilsvara 40 plassar. Vi legg vekt på at alle ungar og vaksne skal kjenne kvarandre. Vi er mykje felles/på tvers av avdelingane om morgonen og ettermiddagen.

### 3.3 Tilsette

Vi er til saman 14 fast tilsette, kor ein tilsett er ute i svangerskapspermisjon, Reidun Thorpe. Pedagogisk leiarar: Dagny Viola Björklöf, Ine Veisene Klinkenberg, Linda Wangen Hilsen og Hanne Hagen Steinsrud. Cathrin Hovde jobbar dette året berre med barn som treng spesial pedagogisk oppfølging.

Barne- og ungdomsarbeidar (BUA): Kristin Heggom, Hildur Meisdalshagen Haugene, Therese Wismar, Cathrine Jarlsbo og Kristin Gladhaug.

### Planleggingsdagar:

Tysdag 15. august

Onsdag 16. august

Fredag 24. november

Fredag 2. februar

Fredag 10. mai

Det unike mennesket i fellesskapet.

Assistentar: Nils Harald Bergheim og Andreas Bærøy Nordsveen.  
Tenesteleiar: Marit Synnøve Opheim Østli.

### 3.4 Dagsryme

Dagsrytma skal være slik at ungane kjenner seg trygge på kva som skal skje. Den bør veksle mellom roleg og aktiv leik, og mellom styrt og ikkje styrt aktivitet. Det er viktig at barna får tid til å leike det dei sjølv vil. Dagsrytma er meint som ein mal for dagen, men ein må vise fleksibilitet innanfor den fastsette ramma.

Kjernetida er frå 09.30 – 14.00. Kjem de seinare enn 09.30, er sjuk, har fri eller ferie må de gå inn og registrere rett fråvær på Visma Flyt Barnehage. Vi må og ha beskjed om det er andre enn dykk som hentar.

07.15 Barnehagen opnar. Fri leik og nokon vil kanskje ete med brakt frukost frå 07.15 til 09.00. Barn som kjem etter 09.00 bør ha ete frukost heime.

09.30 Barna bør ha kome i barnehagen

Vi deler barna i grupper og har ulike aktivitetar i løpet av kjernetida. Månadsplan inneheld informasjon om dette.

11.00 Brød måltid med mjølk og frukt.

12.00 Fri leik ute, ev aktivitet i grupper. Dei yngste søv.

14.30 Med brakt matpakke. Den skal være enkel og eta

16:45 Barnehagen stenger.

**NB! Ved for sein henting ved andre gong, vert det skrive ut gebyr. Sjå «Retningsliner for gebyr ved for sein henting barnehage» 003/15.**

### Dagsryma

Den skal være slik at det gir forutsigbarheit, samstundes gir rom for fleksibilitet.

Det unike mennesket i fellesskapet.

#### 4.0 Satsingsområde med Høgskulen i Innlandet (HINN)

Valdresregionen på barnehagefeltet har eit samarbeid med HINN der målet for heile Valdresregionen er å oppnå eit verdiløft for heile barnehagen. Dette skal gjerast ved å auke kompetansen til styrar og pedagogiske leiarar i leiing av komplekse prosessar i barnehagebasert utviklingsarbeid og ved å auke dei tilsette sin læringskompetanse gjennom arbeid med å utvikle barnehagen som eit profesjonsfelleskap. Alle pedagogar deltek to gonger i året på dialogkonferanse og alle tilsette deltek på kompetansehevingsdagar (planleggingsdagar) med HINN. Det er krav om mellomarbeid ute i den enkelte barnehage mellom dei ulike treffpunkta ein har med HINN. Ein vesentleg arbeidsform for å utvikle gjeldande praksis er kritisk refleksjon. Tema for dette året er mellom anna fokus på rammeplan, kvardagspedagogikk, inkludering og foreldresamarbeid.

For Beito sin del vil vi ha fokus på individet versus gruppa. Vi skal fortsette med å bruke metodar frå COS-P – «Se barnet innenfra» og Trygghetssirkelen.

#### 5.0 FORELDRESAMARBEID

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg, leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Barnehagen skal ivareta foreldra rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra, jf. barnehagelova § 1 og § 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for barnets trivsel og utvikling. Barnehagen skal legg til rette for god dialog med foreldra. På individnivå skjer det gjennom dagleg kontakt og foreldresamtaler. På gruppenivå skjer det gjennom informasjon, foreldremøte, foreldreråd og samarbeidsutval møter.

Det er foreldresamtaler i oktober/november og tilbod om ei ny samtale i april. Foreldremøte med foreldrerådsmøte to gonger i året, haust og vår. Samarbeidsutvalet møtast to gonger i året, elles etter behov.

Nytt er no at vi byrjar med «foreldreskule». Barn født i 2020 og 2022 vil verte invitert til ein kveld med foreldreskule i januar 2024.

Barnehagen stiller opp til samtaler når det måtte være behov for det gjennom heile året.

Individet versus gruppa.

Foreldresamarbeid:

*Heimen og barnehagen har eit felles ansvar for barnets trivsel og utvikling skal alltid ha barnets beste som mål.*

*Spørsmål:*

*Kva er viktig for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage slik de foreldre ser det?*

*Informasjon og samarbeid.*

*Likevekt mellom positiv og negativ attendemelding, gjerne overvekt på det positive. Konstruktiv kritikk. Tidleg inn å løyse gjentakande problem. Vekeplanar og innlegg om dagens hendingar (skriftleg eller munnleg.)*

*Direkte – tydeleg- konkret attendemelding.*

*Info og dialog om barnets kognitive utvikling og om barnets interesser.*

## 5.1 Foreldreråd og samarbeidsutval.

8.1 Foreldreråd og samarbeidsutval; barnehagelova § 4:

” For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Foreldrerådet består av foreldre / foresatte til alle barna og skal fremme deres felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre /foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.”

**FUB = foreldreutvalg for barnehagar.** Øystre Slide kommune opp fordrar foreldrene til å danne eit lokalt FUB for heile kommunen. Nett adresse for meir informasjon: [www.fubhg.no](http://www.fubhg.no)

## 6.0 ANDRE SAMARBEIDSPARTAR

Barnehagen samarbeider og med andre partar:

- Helsesjukepleiar - barnehagehelseteam
- PPT (Pedagogisk- psykologisk teneste)
- Barnevernsteneste
- Skulen
- Innsatsteam for barn og unge i Øystre Slidre kommune

Både PPT, Barnevernet og helsesjukepleiar er i barnehagen regelmessig om eit ledd i «tidleg inn». PPT bi står med rettleiing på systemnivå som til dømes i utviklingsprosjektet og generell kompetanseheving. Dei kan og observere og rettleie barnehagen og foreldre. Ved observasjon av enkelt barn skal alltid barnehagen innhente samtykke før ein eventuell observasjon.

Foreldreråd

Samarbeidsutval

Foreldresamtaler

Foreldremøte

Foreldrskule

Uformelle møter i kvardagen

Tverrfagleg samarbeid

Det unike mennesket i fellesskapet.

## 7.0 BARNEHAGENS INNHOLD

### 7.1 Barnehagens verdigrunnlag

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, leikeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.» (barnehagelova §1, formål 1. ledd)*

*Pedagogisk grunnsyn – kva er det? Med pedagogisk grunnsyn meiner vi den verkelegheitsoppfatninga, dei kunnskapar, haldningar og verdier som ligg til grunn for barnehageverksemda. Kva tankar har vi om barn, barndom, barns læring og utvikling. Sjølv om dette kan vera noko ulikt frå person til person, skal barnehagen ei felles pedagogisk plattform å styre etter som og er knytt til samfunnsmandatet og verdisynet.*

## Verdigrunnlag

### Pedagogisk grunnsyn

#### Spørsmål:

*Kva betyr barnehagens verdigrunnlag for det pedagogiske arbeidet i barnehagen, slik de foreldre ser det?*

*At barn og foreldre opplever det unike barnet og at det kjem fram på ein måte som blir synleg og forstått. Med fokus på korleis attendemeldingen blir gitt (varierte med ord og handling). Andre land sine tradisjonar og bruk barna i barnehagen. Fokus på Prideflagg og kan byrje med dette i barnehagen. Kan bruke samlingsstunden med tema om ting som skjer i samfunnet.*

*På kva måte kan de foreldre støtte opp om dette verdigrunnlaget?*

*Framsnakke andre å snakke positivt om barna, heimen og dei tilsette. Snakke med barna om relevante ting. Vise interesse for alle og ha fokus på tilhøregheit og lokalsamfunnet. Delta i det som skjer og vise mangfaldet.*

<b>Kva verdiar legg vi vekt på i møte med barn</b>	<b>Gjennomføring i praksis</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Omsorg, respekt/bli forstått, sjå det enkelte barnet, tryggleik, lytte, tilknytning og nærleik. Det unike menneske.</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal være gode til å lytte, vise varm omsorg og gi tid. Legge til rette for at barnet opplever meistring og å bli forstått – bygge gode og varme relasjonar.</li> </ul>
<b>Korleis utviklar og lærer barn?</b>	<b>Gjennomføring i praksis</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Ta utgangspunkt i deira modningsnivå og interesser.</b></li> <li>• <b>Gjennom omsorgsfulle, støttande og tydeleg vaksne i respektfulle relasjonar med barna.</b></li> <li>• <b>Barn lærar ved å heme og ha gjentakande aktivitet i eit trygt miljø og med støtte frå vaksne.</b></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal være tilstede for barna og gode rollemodeller som gir støtte i lek med andre barn.</li> <li>• Vaksne til stade i læring, leik og utviklingsprosessar.</li> <li>• Møte barna der dei er, tilrettelegging av kvardagen ut frå deira alder, behov og modningsnivå.</li> </ul>

#### **Samspel vakse – barn i barnehagen. Foreldra sine innspel:**

- **At dei vaksne er med å leiker, trøyster osv.**
- **Når dei tilsette møter barnet «nede på bakken» med blikket.**
- **Får ungane til å le.**
- **Tørre å væra med i leiken. Deltakande i leiken på barnets nivå. Og interesser.**
- **Være den rolege trygge vaksne som gir trøst og vil lytte.**
- **Ærlegheit.**
- **At den vaksne viser forståing for kvart einskilde barn.**
- **At vaksne viser genuin interesse for barnet, for eksempel ved levering.**
- **Viser tolmod i «sjølvstendealderen».**
- **Møter barna på følelser – samt sette grenser.**
- **Være til stade med god augekontakt.**
- **Humor.**
- **Sjå barnets behov.**
- **Inkludering.**

#### **7.2 Leik og læring**

Leiken skal ha ei sentral plass i barnas kvardag. Den har ein eigenverdi og er ein viktig del av barnehagekulturen. Leik er ein grunnleggjande livs- og relasjonsform som barna naturleg uttrykkjer seg gjennom. Å delta i leik, skape gode relasjonar og å utvikle vennskap, er grunnleggjande for barnas trivsel og læring i barnehagen. I samhandling med andre legg ein grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse og livslang læring. Barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggast til grunn for deira læringsprosessar. Dei skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre og å knytte venskap. Dei vaksne skal væra tilgjengelege for barna å støtte, inspirere og oppmuntre barna i deira leik.

### 7.3 Omsorg

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Dei tilsette har plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barn. Med det meinast at det stillast krav til dei tilsette om å vera oppmerksame og vere opne overfor kvart einskild barn i alle situasjonar. Ein omsorgsfull relasjon er prega av at ein er lydhøyr, evne til å vera nær, innleving, empati, evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege heile kvardagen. Omsorg og oppseding er to sider av same sak. Desse skal prege kvardagen til barnet for at det skal få ei god allmenn helse som er viktig for barnets utvikling og læring.

### 7.4 Danning

Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig i fellesskapet. Dei skal få ta del i avgjerdsprosessar og ein skal stimulere til kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse.

### 7.5 Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medverknad ved å legg til rette for å oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd, jf. barnehagelova §1 og §3, Bernkonvensjonen artikkel 12 nr 1 og Grunnloven § 4 . Barnehagen skal legge til rette for utvikling av demokrati forståing. Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrigheit, vitebegjær og kreativitet. Kva barn skal medverke til avhenger av erfaring og alder. Små barn vil meddele sine synspunkt gjennom kroppsholdningar, mimikk og andre følelses uttrykk. Større barn tar i tillegg i bruk ord og uttrykk. Det skal vera balanse mellom enkeltindividets behov og fellesskapets behov. Barn skal ikkje overlatast eit ansvar dei ikkje er rusta til å ha. «I alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i

## Barns medverknad

FNs Barnekonvensjon:

«Alle barn har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på.»

Det unike mennesket i fellesskapet.

barnehagen, skal kva som er best for barnet, væra eit grunnleggande omsyn», barnehagelova § 3.

### 7.6 Berekraftig utvikling

Barna skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Det omfattar både natur, økonomi og sosiale forhold. Vi skal ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det i dag og bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Barnehagen skal legge til rette for kritisk tenking, handle etisk og tenkje solidaritet.

### 7.7 Likestilling og likeverd

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut forskjellar. Barnehagen skal bidra til at barne opplever meistring og livsglede og utviklar ei kjensle av eigenverdi. I barnehagen skal barna føle seg trygge på å prøve ut samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med både andre og eigne sine kjensler. Dei skal få utfolde seg motorisk og barnehagen skal bidra til å gi barna grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner.

### 6.8 Krenkande åtferd

Barnehagen skal ha kunnskap om merksemd mot krenkande åtferd og mobbeåtferd. Slike hendingar skjer og i barnehagealder og det er viktig at dei vaksne observerer og gjer tiltak når ein ser at slik åtferd kan utvikle seg. Alle har rett på eit miljø fritt for krenkelsar og det er dei vaksne si oppgåve og plikt og sjå til at alle ungane opplever eit godt og trygt miljø fritt for mobbing og krenkelsar.

### Krenkande åtferd:

§ 41 Nulltoleranse og forebyggande arbeid.

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagen har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

§ 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenka eit barn.

Dei sju fagområda i rammeplanen som skal ligge til grunn for all pedagogisk arbeid.

Det unike mennesket i fellesskapet.

## 8.0 FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 9, første avsnitt.)

Dei sju fagområda er: 1 Kommunikasjon, språk og tekst. 2. kropp, rørsle, mat og helse. 3. Kunst, kultur og kreativitet. 4. Natur, miljø og teknologi. 5. Mengde, rom og form. 6 Etikk, religion og filosofi. 7. Nærmiljø og samfunn.

Vi legg vekt på at alle ungane skal oppleve progresjon og meistring gjennom nye erfaringar og ny kunnskap i lag med aktive og engasjerte vaksne. Dei ulike fagområda skal gjennom året synleggjerast i periodeplanane de får.

## **9.0 BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD OG ARBEIDSMÅTER**

### *9.1 Planlegging, vurdering, evaluering, progresjon og dokumentasjon*

- Digitale bilete, video eller anna dokumentasjon på Visma Flyt barnehage.
- Periodeplanar som beskriv kva som er innhaldet komande periode. Periodeplanen kan ha ulik varigheit.
- Periodebrev til foreldra med informasjon om periode som ein skal inn i og evaluering av periode som har gått.
- Evaluering av årsplan samt innspel til årsplanen saman med personalet og samarbeidsutvalet.
- Medverknad for barna om kvardagslivet, kvardagsaktivitetane og evaluering av barna sin opplevde kvardag blir ivareteke gjennom dagleg dialog, barnemøter og barnesamtaler.
- Løypande og systematiske observasjonar som danar grunnlag for pedagogisk arbeid.
- Systematisk pedagogisk dokumentasjon.
- Pedagogisk analyse som arbeidsmåte.

Planlegging og vurdering

Det unike mennesket i fellesskapet.

Arbeidet i barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast frå dei kriterium barnehagelova, rammeplanen og årsplanen set. Styraren har det overordna ansvar for at den pedagogiske verksemda blir vurdert på ein planlagt, systematisk og opne måte.

Foreldrerådet og samarbeidsutvalet skal ha høve til reell påverknad i vurderingsprosessen. Dette skjer gjennom foreldresamtaler, foreldrerådsmøter, samarbeidsutvalsmøter og foreldremøte, samt dagleg kontakt og brukarundersøkingar. Erfaringane og synspunkta til barna skal være med i prosessen. Metodar vi bruker for å innhente synspunkta til barna er dagleg dialog, samtale både med den einskilde og med gruppa og barnesamtaler. Informasjon og dokumentasjon skal gje grunnlag for refleksjon og diskusjonar. Rammeplanen stadfestar at progresjon må tydeleggjerast. Dette sikrar vi gjennom systematisk og usystematisk observasjon der vi legg til rette for utvikling hjå det enkelte barn og for gruppa generelt.

Resultata av vurderinga bør leggjast til grunn for arbeidet med neste årsplan.

### *9.2 Barnehagen digitale praksis*

Barnehagens digitale praksis skal bidra til barna sin leik, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal dette støtte opp om barnas læringsprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanens føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for barna. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive i lag med barna. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ein byrjande etisk forståing knytt til digitale media. Det er utarbeidd ein felles IKT strategi for barnehagane i Valdres.

## Digital praksis

Det unike mennesket i fellesskapet

## **10.0 OVERGANGAR**

### **10.1** Å byrje i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Det er viktig at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til andre barn og vaksne. Personalet skal syte for tett oppfølging den fyrste tida i barnehagen, slik at barnet kan oppleve å høyre til og oppleve tryggleik til å leike, utforske og lære.

#### Slik gjer vi det hjå oss:

Det nye barnet for ein tilknytingsperson som har hovudoppgåve å knytte ekstra god kontakt og bli kjent med det nye barnet og foreldra. Det blir ei forventingssamtale mellom foreldra og pedagogisk leiar. Barnehagen tek individuelle omsyn til kor lang tid tilvenninga varar ut frå ein dialog med foreldra. Vi har rutinar for oppfølging av daglege hendingar og legg vekt på og møte barnet og foreldra ute i garderoben når dei kjem om morgonen, samt gje ei kort oppsummering av dagen når barnet blir henta.

### **10.2** Overgang frå ein avdeling til ein annan «Personalet skal sjå til at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei byter gruppe.» (rammeplan s.33)

#### Slik gjer vi det hjå oss:

Vi legg vekt på at alle barn og tilsette skal kjenne kvarandre godt. Dette legg vi til rette for gjennom at vi har felles tid i lag mellom avdelingane om morgonen og ev på ettermiddagane, samt i ute tida. Vi meiner dette er ein styrke med omsyn til overgang få ei avdeling til ei annan og gjer oss mindre sårbare ved fråvær hjå tilsette.

### **10.3** Overgang frå barnehagen til skulen

Øystre Slidre kommune har utarbeidd ein eigen plan for overgangen frå barnehage til skule. Planen legg vekt på eit tett samarbeid mellom heimen, skulen og barnehagen. Eit viktig moment i planen er informasjon, dialog og avklaring av forventingar. Det er eit foreldremøte på Lidar skule i januar for foreldre med barn som skal byrje på skulen same hausten. I tillegg vert foreldre for neste års 1. klasse invitert på skulen sitt foreldremøte om våren. Ungane møtast to dagar på skulen våren før skulestart.

## 11.0 TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

Beito barnehage skal ha eit kvalitetssikra trafikksikkerheitsarbeid som i varetek dei krav som lover og forskrifter stiller. Grunnlaget for haldningar til sikkerheit laggast i barneåra. Vaksne som rolle modellar skal medverke til at barn utviklar evne til refleksjon, risikoforståing, til å ta dei andre sitt perspektiv og å samarbeide. Barnehagen har ansvaret for barnas sikkerheit når dei er i barnehagen og ein skal nytta trafikkopplæring til fagområda i rammeplan for barnehegn og synleggjera det gjennom planer. Barnehagen har ulike rutinar rundt arbeidet med trafikksikkerheit som til dømes på turar, transport og foreldresamarbeid. Trafikktryggleik skal være eit tema på det årlege foreldremøte, samt årleg personalmøte. Vi nyttar Tarkus – barnas trafikkven som eit pedagogisk verktøy. Tarkus er ei handdokka som ser ut som eit beltedyr. Den er barnas ven og er oppteken av trygg trafikk.

## 12.0 ADRESSER OG TELEFUNNUMMER

E-post:

Pedagogisk leiar Minikonglene [linda.wangen.hilsen@oystre-slidre.kommune.no](mailto:linda.wangen.hilsen@oystre-slidre.kommune.no)

Pedagogisk leiar Minikonglene [ine.veisene.klinkenberg@oystre-slidre.kommune.no](mailto:ine.veisene.klinkenberg@oystre-slidre.kommune.no)

Pedagogisk leiar Konglekroken [dagny.bjorklof@oystre-slidre.kommune.no](mailto:dagny.bjorklof@oystre-slidre.kommune.no)

Pedagogisk leiar Eventyrstien [hanne.hagen.steinsrud@oystre-slidre.kommune.no](mailto:hanne.hagen.steinsrud@oystre-slidre.kommune.no)

Pedagog spes.ped [cathrin.hovde@oystre-slidre.kommun.no](mailto:cathrin.hovde@oystre-slidre.kommun.no)

Tenesteleiar [marit.ostli@oystre-slidre.kommune.no](mailto:marit.ostli@oystre-slidre.kommune.no)

Beito barnehage

Øyangsvegen 11

2952 Beito

**Tenesteleiar: 974 91 129**

**Eventyrstien: 910 00 122**

**Konglekroken: 910 00 247**

Filnavn: Årsplan Beito  
Katalog: C:\Users\osgjolging\AppData\Local\Microsoft\Windows\INetCache  
Mal: C:\Users\osgjolging\AppData\Roaming\Microsoft\Templates\Norma  
I.dotm  
Tittel:  
Emne:  
Forfatter: Marit Synnøve Opheim Østli  
Nøkkelord:  
Merknader:  
Opprettelsesdato: 01.08.2023 08:06:00  
Versjonsnummer: 9  
Sist lagret: 19.09.2023 10:18:00  
Sist lagret av: Marit Synnøve Opheim Østli  
Samlet redigeringstid: 419 minutter  
Sist skrevet ut: 19.09.2023 15:37:00  
Ved siste fullstendige utskrift  
Antall sider: 16  
Antall ord: 4 493 (ca.)  
Antall tegn: 23 815 (ca.)